



Møteprotokoll

Utval	Utval for klima, miljø og beredskap
Møtestad	Heradsstyresalen
Dato	10.06.2026
Tidspunkt	kl 15:30 - 18:15

Frammøtte

Asgeir Løno
Karl Atle Knapskog
Kariann Slettemark
Lars Tore Rogne
Kenneth Myhre
Tonje Opkvitne
Helena Elvatun
Margrethe Alm

Parti

Ap
Ap
H
H
INP
Mdg
Sp
Sv

Forfall

Kari Nestaas Ruud

Parti

Sp

Varamedlem

Kristine Skeie
Akselberg

Parti

Sv

Andre som møtte

Hans-Erik Ringkjøb
Kjersti Næss Finne
Lina Hamre
Perline Dugstad Vivås
Tonje Ljones Såkvitne

Stilling

Kommunalsjef tekniske tenester

Klima- og miljørådgjevar
Politisk sekretær
Ordførar

Protokollfører:

Hans-Erik Ringkjøb

Møtenotat

Ordførar delte ut miljøfyrtårn til :

- Voss Transportservice
- Tecno VVS
- Bedriftshelseteneste 1
- Flagg sikkerheit (var ikkje tilstades)

Tilla orienterte om motorferdsel i utmark

Grunna tekniske utfordringar vart ikkje desse bolkanane streama via kommuneTV slik det var planlagt.

Kjersti Næss Finne og Lina Hamre orienterte om planvask - overordna prinsipp. Presentasjonen vert publisert etter at sakspapira til FPL møte 25. juni er sendt ut og publisert.

Presentasjonar vert publisert her: [Presentasjonar i politiske råd og utval 2026 - Voss herad](#)

Margrethe Alm

Leiar i Utval for klima, miljø og beredskap

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
IM-04/26	Informasjon til møte i Utval for klima, miljø og beredskap 10. juni 2026
PS-25/26	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste
PS-26/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-27/26	Prosjektplan for kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Voss herad
PS-28/26	Rapport 1. tertial 2026
PS-29/26	Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027
PS-30/26	Sommarfullmakt 2026 til utvalsleiar i saker etter §6 i forskrift for motorferdsle i utmark
PS-31/26	Samlesak for delegerte saker
PS-32/26	Samlesak for referatsaker
PS-33/26	Ymse

04/26 Informasjon til møte i Utval for klima, miljø og beredskap 10. juni 2026

Informasjon og agenda:

Kallar med dette inn til møte i Utval for klima, miljø og beredskap 10. juni kl 15.30 i

Heradsstyresalen på Tinghuset.

Grunna oppmoding/invitasjon til dugnad vert møtestart for UKMB kl 15.30 denne gongen.

Vara vert kalla inn til møte ved forfall. Lovleg forfall vert å melde via Møteportalen [Møteportal+](#)

Kommune-TV

Møtet vert vist på Kommune-tv. Tilhøyrarar kan følgja sendinga <https://voss.kommunetv.no/>.

Grunna orienteringa om planvask - overordna prinsipp vert det lagt opp til tv-sending og opptak av dette møtet.

Agenda:

Tema	Ansvarleg	Tid
Møtet er sett	Margrethe	15.30
Utdeling av Miljøfyrtårn diplom	Ordførar	15.35 - 15.45
Pause		
Orientering om motorferdsel i utmark	Tilla	15.55 - 16.10
Orientering om planvask - overordna prinsipp	Hans-Erik	16.10 - 16.50
Pause		
Sakshandsaming	Margrethe	17.00 - 18.30

Ymse:

Naturverkstaden har invitert til dugnad 10. juni, oppmøte kl 14.00 utanfor Tinghuset, sjå epost sendt frå utvalsleiar Margrethe Alm 28.04.2026

Voss, 29. mai 2026

Margrethe Alm

Leiar Utval for klima, miljø og beredskap

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

UKMB - 04/26 Vedtak

25/26 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmann sitt framlegg. Samrøystes.

UKMB - 25/26 Vedtak

Møteinnkalling og sakliste vert godkjent.

26/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmann sitt framlegg til vedtak. Samrøystes.

UKMB - 26/26 Vedtak

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

27/26 Prosjektplan for kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Voss herad

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utval for klima, miljø og beredskap tek prosjektplanen for kartlegging og verdsetting av friluftsområde til orientering.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmann sitt framlegg til vedtak. Samrøystes.

UKMB - 27/26 Vedtak

Utval for klima, miljø og beredskap tek prosjektplanen for kartlegging og verdsetting av friluftsområde til orientering.

28/26 Rapport 1. tertial 2026

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Voss heradsstyre tek rapport for 1. tertial 2026 til orientering.

Foreslåtte budsjettjusteringar for drift og investering vert vedtekne i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 09.06.2026 - 41/26

Utval for kultur og næring har diskutert saka og har følgjande merknader:

- Kyrkja rapporterer at dei er tom for pengar i løpet av hausten og med det ikkje kan betale lønn til tilsette. UKN ber rådmannen finne ei økonomisk løysning for Kyrkja og at Kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026. Rådmannen blir beden om å vurdere auka økonomisk kontroll av Kyrkja.
- Rådmannen har foreslått kutt i ein heil stilling på biblioteket, med halvårsvirkning i 2026. Om dette vert oppretthalde må ordninga med "Meir ope bibliotek" koma på plass.

Utval for kultur og næring 09.06.2026

Handsaming

Synspunkter frå utvalet, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Utval for kultur og næring har diskutert saka og har følgjande merknader:

- Kyrkja rapporterer at dei er tom for pengar i løpet av hausten og med det ikkje kan betale lønn til tilsette. UKN ber rådmannen finne ei økonomisk løysning for Kyrkja og at Kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026. Rådmannen blir beden å vurdere økt økonomisk kontroll av Kyrkja.
- Rådmannen har foreslått kutt i ein heil stilling på biblioteket, med halvårsvirkning i 2026. Om dette oppretthaldast må ordninga med "Meir opent bibliotek" komme på plass.

Utval for kultur og næring røysta over framlegg til tilleggspunkt frå Håvard Skattum, SV, samrøystes vedteke.

UKN - 41/26 Vedtak

Utval for kultur og næring har diskutert saka og har følgjande merknader:

- Kyrkja rapporterer at dei er tom for pengar i løpet av hausten og med det ikkje kan betale lønn til tilsette. UKN ber rådmannen finne ei økonomisk løysning for Kyrkja og at Kyrkja gjev tilbakemelding på sine budsjett og organisering til UKN i løpet av hausten 2026. Rådmannen blir beden om å vurdere auka økonomisk kontroll av Kyrkja.
- Rådmannen har foreslått kutt i ein heil stilling på biblioteket, med halvårsvirkning i 2026. Om dette vert oppretthalde må ordninga med "Meir ope bibliotek" koma på plass.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Viderføring av tilbodet på Garden, foreslått av Helena Elvatun, Senterpartiet

Me ber om at «Garden»-tilbodet på Voss vert vidareført. Tilbodet gjev elevane verdifull innsikt i landbruk, natur og berekraft, og bidreg til læring, trivsel og meistring.

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Margrethe Alm, Sosialistisk venstreparti

Utval for klima miljø og beredskap tek rapport for 1. tertial til orientering.

Det var røysta over endringsframlegg frå Karl Knapskog. Samrøystes

Det vart røysta over Lars Tore Rogne sin gildskap i høve tilleggsframlegg frå Helena Elvatun grunna nært venskap til drivarane av Garden. Samrøystes ugild.

Det vart røysta over tilleggsframlegg frå Helena Elvatun. Vedteke med 5 (SV 2, MdG, INP, SP) mot tre røyster (2 Ap, H)

UKMB - 28/26 Vedtak

Utval for klima miljø og beredskap tek rapport for 1. tertial til orientering.

Me ber om at «Garden»-tilbodet på Voss vert vidareført. Tilbodet gjev elevane verdifull innsikt i landbruk, natur og berekraft, og bidreg til læring, trivsel og meistring.

29/26 Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Voss heradsstyre tek rapport om heilskapleg organisasjonsgjennomgang, datert 16.04.2026, til orientering.

2. Voss heradsstyre vedtek revidert mandat for Voss iPluss2027 i samsvar med vedlegg og med følgjande innsparingsmål for 2027 per kommunalavdeling:
 - a. Adm/politisk: 0,5 mill.kr
 - b. Oppvekst: 11,1 mill.kr
 - c. Helse og omsorg: 37,5 mill.kr
 - d. Stab: 3 mill.kr
 - e. Kultur og fritid: 2,9 mill.kr
 - f. Teknisk: 10 mill.kr
3. Voss heradsstyre vedtek å gjennomføra følgjande omstillingstiltak:

Nr.	Tiltaksnamn	2 026	2 027	2 028	2 029
H1	Avvikla Granvin og Vossestrand sjukeheim og justera pleiefaktor på gjenverande sjukeheim		-16 000	-16 000	-16 000
H2	Avvikla kjøkkenet i Granvin		-2 200	-2 200	-2 200
H3	Avslutta kveld- og helgebemanning i ambulerende tenester i psykisk helse og rus		-1 200	-1 200	-1 200
P1	Redusera tal heradsstyrerepresentantar til minimumskrav på 27			-1 200	-1 200
T1	Etablere sjølvkostgrunnlag og auka kostnadsdekningen på private planar		-300	-300	-300
T2	Redusera subsidiering av sjølvkost på byggesak, seksjonering og oppmåling		-400	-400	-400
T3	Avhenda kommunale vegar		-1 500	-1 500	-1 500
T4	Avhenda kommunale bygg		-1 000	-1 000	-1 000
T5	Sei opp leigeavtale for driftsbygg i Granvin		-500	-500	-500
T6	Redusera tal bustader som står ledig		-500	-1 900	-1 900
T7	Justera husleige på kommunale bustader		-3 000	-3 000	-4 000
O2	Redusera årsverk til leining og kontorpersonale i skule	-500	-1 000	-1 000	-1 000
O4	Avvikla tilbodet på Garden	-550	-1 100	-1 100	-1 100
O5	Flytta born frå Bolstad barnehage til Evanger barnehage* - endra til oppveksttun Evanger		-2 000	-3 200	-3 200
O6	Avvikla Hauge barnehage	-	-1 600	-3 200	-3 200
O7	Avvikla Hagahaugen barnehage	-600	-1 800	-2 700	-3 500
O9	Justera årsverk til grunnbemanning og/eller pedagogisk leiar til nærare norm		-2 000	-2 000	-3 000
O10	Auka tal veker sommarstengt i kommunale barnehagar til 3 veker	-	-2 100	-2 100	-2 100
O11	Redusera gj.sn opningstid i alle kommunale barnehagar til 9 t per dag	-	-1 000	-1 000	-1 000
K1	Redusera aktivitet og bemanning i bibliotek	-400	-800	-800	-800
K4	Innlemma kommunalt føretak i Voss herad		-300	-500	-500
A1	Innsparing administrasjon - struktur, samhandling og digitalisering			-5 000	-5 000

	SUM	-2 050	-40 300	-51 800	-54 600
--	------------	---------------	----------------	----------------	----------------

Vedtak som innstilling frå Innvandrarråd, 08.06.2026 - 20/26

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltids- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknytning til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar.

Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også bli ein del av tiltaka.

Vedtak som innstilling frå Ungdomsrådet, 08.06.2026 - 20/26

Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand.

Vedtak som innstilling frå Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, 08.06.2026 - 20/26

Innspel til saka – rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss 2027.

Effektivisering av tenesteyting i kommunal praksis.

RMNF stadfestar det utfordringsbiletet som vert lagt fram i rapporten frå PwC, særleg i høve strukturelle utfordringar i organiseringa. Korleis tenestene er organisert og regulert er avgjerande for samhandling og heilskapelege tenester.

I samhandling kring born, unge og familier med store behov veit vi at mange foreldre har mykje koordineringsansvar.

I kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med funksjonsvariasjon vert effektivisering ofte gjennomført gjennom samordning av tenester, turnusendring, gruppeløysingar og deling av personell mellom fleire tenestemottakarar.

RMNF ser at dette kan vera ynskjeleg dersom ein berre tek omsyn til økonomi, rekruttering og drift. Samstundes stiller det store krav til fagleg og etisk vurdering. Difor ynskjer me å koma med innspel om kva konsekvensar effektivisering kan få for dei som mottek tenester.

Utfordringa oppstår når drift styrer meir enn individuelle behov:

- Tenestene vert organisert ut i frå turnus og bemanning
- Aktivitetar vert felles for fleire, uavhengig av individuelle ynskjer.
- Personalet må prioritera «det meste naudsynte».

Risikoen ved ein slik praksis er at sjølvbestemming vert svekka, fordi valmoglegheitene vert avgrensa av systemet.

Ved felles tenester, felles aktivitetar og felles bemanning på tvers av tenestemottakarar, er gruppesamansetting og organisering avgjerande. Tenestemottakarar må passa saman og kvar einskild må sikrast reell påverknad.

Ein risikerar at nokre tenestemottakarar får dekt sine behov i større grad enn andre, medan andre regrederar eller blir passive eller usynlege.

Mindre kontinuitet i personalgruppa.

Effektivisering kan føra til fleire deltidstillingar, fleire vikarar og rotasjon mellom tenestemottakarar. Det kan vera vanskeleg å sikra at alle tilsette kjennar tenestemottakarane og har rett kommunikasjonskompetanse. Ein mogeleg konsekvens for personar med utviklingshemming eller med ulike kommunikasjonsutfordringar, særleg dei med lite verbalspråk og lite forståing av verbalspråk, er dårlegare kommunikasjon, tap av individualisert tilrettelegging og redusert moglegheit for medverknad. Dette får igjen konsekvensar for trivsel og livskvalitet hjå tenestemottakarar, og legg eit stort ansvar på tilsette som må gje god, individualisert omsorg til mange tenestemottakarar med ulike behov.

Forutsetningar for god praksis:

- Individuelle vurderingar er gjennomgåande praksis i all tenesteyting.
- Aktiv brukarmedverknad, der brukaren er involvert ut frå sine føresetnader (NB! ASK, teikn, bilete, observasjon)
- Fagleg forankra leiing, etikk og rettar er del av kvalitetsarbeidet.
- Effektivisering kan ikkje berre vera sparetiltak.

Vedtak som innstilling frå Eldrerådet, 08.06.2026 - 18/26

Eldrerådet rår til at Heradsstyret går imot Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Rådet er spesielt bekymra for konsekvensane av innsparingsvedtaka H1 og H2.

Vedtak som innstilling frå Utval for kultur og næring, 09.06.2026 - 42/26

Utvalet tek saka til orientering med følgjande merknad:

- Beløpa til støtte for lag, foreiningar, arrangement, stipend, kulturbygg o.l. er uendra på fleire år. Dette resulterer i at heradet sin direkte økonomiske støtte til det frivillige blir lågare for kvart år pga. årleg inflasjon.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 08.06.2026

Handsaming

Innspel til heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss2027, foreslått av Aud Marit Netteland, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Innspel til saka – rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss 2027.

Effektivisering av tenesteyting i kommunal praksis.

RMNF stadfestar det utfordringsbiletet som vert lagt fram i rapporten frå PwC, særleg i høve strukturelle utfordringar i organiseringa. Korleis tenestene er organisert og regulert er avgjerande for samhandling og heilskapelege tenester.

I samhandling kring born, unge og familier med store behov veit vi at mange foreldre har mykje koordineringsansvar.

I kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med funksjonsvariasjon vert effektivisering ofte gjennomført gjennom samordning av tenester, turnusendring, gruppeløysingar og deling av personell mellom fleire tenestemottakarar.

RMNF ser at dette kan vera ynskjeleg dersom ein berre tek omsyn til økonomi, rekruttering og drift. Samstundes stiller det store krav til fagleg og etisk vurdering. Difor ynskjer me å koma med innspel om kva konsekvensar effektivisering kan få for dei som mottek tenester.

Utfordringa oppstår når drift styrer meir enn individuelle behov:

- Tenestene vert organisert ut i frå turnus og bemanning
- Aktivitetar vert felles for fleire, uavhengig av individuelle ynskjer.
- Personalet må prioritera «det meste naudsynte».

Risikoen ved ein slik praksis er at sjølvbestemming vert svekka, fordi valmoglegheitene vert avgrensa av systemet.

Ved felles tenester, felles aktivitetar og felles bemanning på tvers av tenestemottakarar, er gruppesamansetting og organisering avgjerande. Tenestemottakarar må passa saman og kvar einskild må sikrast reell påverknad.

Ein risikerar at nokre tenestemottakarar får dekt sine behov i større grad enn andre, medan andre regrederar eller blir passive eller usynlege.

Mindre kontinuitet i personalgruppa.

Effektivisering kan føra til fleire deltidstillingar, fleire vikarar og rotasjon mellom tenestemottakarar. Det kan vera vanskeleg å sikra at alle tilsette kjennar tenestemottakarane og har rett kommunikasjonskompetanse. Ein mogeleg konsekvens for personar med utviklingshemming eller med ulike kommunikasjonsutfordringar, særleg dei med lite verbalspråk og lite forståing av verbalspråk, er dårlegare kommunikasjon, tap av individualisert tilrettelegging og redusert moglegheit for medverknad. Dette får igjen konsekvensar for trivsel og livskvalitet hjå tenestemottakarar, og legg eit stort ansvar på tilsette som må gje god, individualisert omsorg til mange tenestemottakarar med ulike behov.

Forutsetningar for god praksis:

- Individuelle vurderingar er gjennomgåande praksis i all tenesteyting.
- Aktiv brukarmedverknad, der brukaren er involvert ut frå sine føresetnader (NB! ASK, teikn, bilete, observasjon)
- Fagleg forankra leiing, etikk og rettar er del av kvalitetsarbeidet.
- Effektivisering kan ikkje berre vera sparetiltak.

Innspel fremja av eit samla Råd for MMNF, samrøyses vedteke.

KRMNF - 20/26 Vedtak

Innspel til saka – rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss ipluss 2027.

Effektivisering av tenesteyting i kommunal praksis.

RMNF stadfestar det utfordringsbiletet som vert lagt fram i rapporten frå PwC, særleg i høve strukturelle utfordringar i organiseringa. Korleis tenestene er organisert og regulert er avgjerande for samhandling og heilskapelege tenester.

I samhandling kring born, unge og familier med store behov veit vi at mange foreldre har mykje koordineringsansvar.

I kommunale helse- og omsorgstenester til menneske med funksjonsvariasjon vert effektivisering ofte gjennomført gjennom samordning av tenester, turnusendring, gruppeløysingar og deling av personell mellom fleire tenestemottakarar.

RMNF ser at dette kan vera ynskjeleg dersom ein berre tek omsyn til økonomi, rekruttering og drift. Samstundes stiller det store krav til fagleg og etisk vurdering. Difor ynskjer me å koma med innspel om kva konsekvensar effektivisering kan få for dei som mottek tenester.

Utfordringa oppstår når drift styrer meir enn individuelle behov:

- Tenestene vert organisert ut i frå turnus og bemanning
- Aktivitetar vert felles for fleire, uavhengig av individuelle ynskjer.
- Personalet må prioritera «det meste naudsynte».

Risikoen ved ein slik praksis er at sjølvbestemming vert svekka, fordi valmoglegheitene vert avgrensa av systemet.

Ved felles tenester, felles aktivitetar og felles bemanning på tvers av tenestemottakarar, er gruppesamansetting og organisering avgjerande. Tenestemottakarar må passa saman og kvar einskild må sikrast reell påverknad.

Ein risikerar at nokre tenestemottakarar får dekt sine behov i større grad enn andre, medan andre regrederar eller blir passive eller usynlege.

Mindre kontinuitet i personalgruppa.

Effektivisering kan føra til fleire deltidstillingar, fleire vikarar og rotasjon mellom tenestemottakarar. Det kan vera vanskeleg å sikra at alle tilsette kjennar tenestemottakarane og har rett kommunikasjonskompetanse. Ein mogeleg konsekvens for personar med utviklingshemming eller med ulike kommunikasjonsutfordringar, særleg dei med lite verbalspråk og lite forståing av verbalspråk, er dårlegare kommunikasjon, tap av individualisert tilrettelegging og redusert moglegheit for medverknad. Dette får igjen konsekvensar for trivsel og livskvalitet hjå tenestemottakarar, og legg eit stort ansvar på tilsette som må gje god, individualisert omsorg til mange tenestemottakarar med ulike behov.

Forutsetningar for god praksis:

- Individuelle vurderingar er gjennomgåande praksis i all tenesteyting.
- Aktiv brukarmedverknad, der brukaren er involvert ut frp sine føresetnader (NB! ASK, teikn, bilete, observasjon)
- Fagleg forankra leiing, etikk og rettar er del av kvalitetsarbeidet.
- Effektivisering kan ikkje berre vera sparetiltak.

Innvandrarråd 08.06.2026

Handsaming

Vedtak - Handsaming av rapport heilskapleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss2027, foreslått av Nicole Anne Fraser Dube, Innvandrarråd

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreduserande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltid- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknyting til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparringar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar. Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også blir ein del av tiltaka.

Innvandrarrådet røysta over endringsframlegg frå Nicole Dube, samrøystes vedteke.

INV - 20/26 Vedtak

Innvandrarrådet meiner det er positivt at framlegg til vedtak vil i største grad verne førebyggjande tiltak og aktivitet særleg for barn, unge og eldre. Innvandrarrådet ynskjer struktur- og organiseringsreducerande blir prioritert framfor drift- og tenestereduserande tiltak.

Innvandrarar er overrepresenterte i deltids- og ikkje faste stillingar. Rådet er bekymra for redusert bemanningstid og fleksibilitet i barnehage då mange ikkje har fast tilknytning til arbeidslivet og er avhengige av å ta alt av tilgjengelege vakter. Eventuelle innsparingar kan eventuelt føre til økt behov på sosiale tenester. Ved endring i opningstider i barnehage bør frivilligheita og andre som tilbyr aktivitet bli oppfordra til å tilby aktivitet for å dekke behov.

Innvandrarrådet er særleg bekymra for forslaget om auke i husleige på kommunale bustadar. Leigeprisar på det private marknaden er uforholdsmessige høge, og liknar storby prisar. Det er allereie svært vanskeleg å komme inn det private marknaden (både leige- og kjøp av bustad). Innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad er heilt avhengige av å ha ein trygg plass å bu og betalingsevne deira må takast i vare. Innvandrarrådet meiner at økt husleige vil ikkje nødvendigvis motivera til å skaffe eigen bustad, men det kan føre til å fleire blir avhengige av bustøtte, og færre vil klare å komme inn det private marknaden. Innvandrarrådet meiner at svært få som har vedtak på kommunal bustad vil kunne kvalifisere til å betene lån frå Husbanken fordi bustadprisane på Voss er for høge. «Leige til eige» løysingar saman med Husbanken må bli eit alternativ for innbyggjarar som har vedtak på kommunal bustad. Andre tiltak som regulerer bustadprisar i den private marknaden må også blir ein del av tiltaka.

Eldrerådet 08.06.2026

Handsaming

Endringsframlegg: , foreslått av Sturla Hommedal, Senterpartiet

Eldrerådet rår til at Heradsstyret går imot Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Rådet er spesielt bekymra for konsekvensane av innsparingsvedtaka H1 og H2.

Eldrerådet røysta over endringsframlegget fremja av Sturla Hommedal opp imot rådmann sitt opprinneleg framlegg til vedtak. Endringsframlegget vart samrøystes vedteke.

ELD - 18/26 Vedtak

Eldrerådet rår til at Heradsstyret går imot Rådmannen sitt framlegg til vedtak. Rådet er spesielt bekymra for konsekvensane av innsparingsvedtaka H1 og H2.

Ungdomsrådet 08.06.2026

Handsaming

7 av 7 i ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

7 av 7 meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

5 av 7 syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand.

UNG - 20/26 Vedtak

Ungdomsrådet syns tilbodet "Garden" bør bestå.

Ungdomsrådet meiner at ein ikkje bør auka sommarstengt i barnehage til 3 veker.

Ungdomsrådet syns òg at heradsstyret bør sjå på muligheten for å auka eigedomsskatten i staden for å leggja ned sjukeheimen i Granvin og på Vossestrand.

Utval for kultur og næring 09.06.2026

Handsaming

Synspunkt frå utval for kultur og næring, foreslått av Håvard Skattum , Sosialistisk venstreparti

Utvalet tek saka til orientering med følgjande merknad:

- Beløpa til støtte for lag, foreiningar, arrangement, stipend, kulturbygg o.l. er uendra på fleire år. Dette resulterer i at heradets direkte økonomiske støtte til det frivillige blir lågare for kvart år pga. årlege inflasjon.

Utval for kultur og næring røysta over framlegg til innspel frå Håvard Skattum, SV, samrøystes vedteke med 8 røyster.

UKN - 42/26 Vedtak

Utvalet tek saka til orientering med følgjande merknad:

- Beløpa til støtte for lag, foreiningar, arrangement, stipend, kulturbygg o.l. er uendra på fleire år. Dette resulterer i at heradet sin direkte økonomiske støtte til det frivillige blir lågare for kvart år pga. årleg inflasjon.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Alternativt framlegg til vedtak, foreslått av Karl Atle Knapskog, Arbeiderpartiet

Utvalet tek rapport heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, Voss IPluss til orientering

Det vart røysta mellom rådmannen sitt framlegg og framlegg frå Karl Knapskog. Framlegg frå Karl Knapskog samrøyste vedteke.

UKMB - 29/26 Vedtak

Utvalet tek rapport heilskapeleg organisasjonsgjennomgang, Voss iPluss til orientering .

30/26 Sommarfullmakt 2026 til utvalsleiar i saker etter §6 i forskrift for motorferdsle i utmark

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Leiar i utval for klima, miljø og beredskap får fullmakt til å godkjenna søknader om løyve til motorferdsle i utmark, på barmark, i saker der administrasjonen tilrår løyve.

Fullmakta gjeld i perioden frå 10.06.2026 til 02.09.2026 (neste møte i utvalet).

Sakene vert lagt fram for utvalet som referatsaker i møte 02.09.2026.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmannen sitt framlegg. Samrøystes

UKMB - 30/26 Vedtak

Leiar i utval for klima, miljø og beredskap får fullmakt til å godkjenna søknader om løyve til motorferdsle i utmark, på barmark, i saker der administrasjonen tilrår løyve.

Fullmakta gjeld i perioden frå 10.06.2026 til 02.09.2026 (neste møte i utvalet).

Sakene vert lagt fram for utvalet som referatsaker i møte 02.09.2026.

31/26 Samlesak for delegerte saker

Dei delegerte vedtaka vert tatt til orientering.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Det var røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Samrøystes.

UKMB - 31/26 Vedtak

Dei delegerte vedtaka vert tatt til orientering.

32/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene vert tatt til orientering.

Utval for klima, miljø og beredskap 10.06.2026

Handsaming

Det vart røysta over rådmann sitt framlegg. Samrøystes.

UKMB - 32/26 Vedtak

Referatsakene vert tatt til orientering.

33/26 Ymse

Handsaming

UKMB - 33/26 Vedtak